



# Mellom Himmel og Fjord



- 1 Åsa Maria Bengtsson - *Flåte*
- 2 Mona Nordaas - *Bringkoll*
- 3 Essi Korva - *Den lille havfrue på Utne*
- 4 Wim van den Toorn - *Kina i hagen*
- 5 Aud Bækkelund - *Skyggen*
- 6 Silje Solvi - *Utskurdsegl*
- 7 Johild Mæland - *Epitafium*
- 8 Felieke van der Leest - *Regnboge Sommarfugl Kor*
- 9 Lasse Årikstad - *Donald Judd on a budget*
- 10 Jyrki Poussu - *Seita (Heilag offerstad)*
- 11 Jyrki Siukonen - *Musa som bygde seg hus*
- 12 Els Geelen - *Å starte*
- 13 Essi Korva - *Skogsalven*
- 14 Anne Knutsen - *Ein reisande og epletrea hans*
- 15 Johild Mæland - *Arkadia*



# Mellom Himmel og Fjord



Mellom Himmel og Fjord er eit 3-årig prosjekt med kunst i landskapet i regi av kunstnarorganisasjonen Harding Puls. Prosjektansvarlege er Solfrid Aksnes, Aud Bækkelund og kurator Kjell-Erik Ruud.

Fire områder i Hardanger vart valt ut i 2014 og fleire kunstverk har kome til i desse områda i 2015 og 2016.

Utne - på Hardanger folkemuseum sitt uteområdet.

- Åsa Maria Bengtsson** Ein flåte har stranda på Utne. Båtflyktingar frå Syria sel dei ekte mattene sine, som har gått i arv i mange generasjonar, for å betala smuglarane for den farlege reisa over havet. Mattene vert symbol på ein farkost, som er flytande i staden for flygande matter. Matta er skoren ut i svart presenning frå det svenske militæret og under den ligg det ein redningsfilt i eit sølvaktig materiale som ei påminning om omverda sitt ansvar, men også skuld i det som hender nettopp no.
- Mona Nordaas** Ho er fasinert av syntesar og arbeider mest med stadspesifikk kunst, der ho sorterar og set saman ulike einingar til ny heilskap.
- Essi Korva** Arbeider instinktivt utan skisser. Etter ei tid med fundering går sjølv arbeide med skulpturane svært fort. Ideen som ho vil fanga veks fram der og då.
- Silje Solvi** Silje har forstørta opp ein detalj av ei over 100 år gamal forklebord. Forkleet som er laga av Brita Skåltveit frå Aga, vann pris på Verdsutstillinga i Paris i 1900. Broderi som kunstform stod sterkt på 1900-talet og hardangersaumen vart vurdert som noko av det flottaste. Hardangersaum vart òg kalla utskurdsaum fordi dei nytta ein liten kniv til å skjæra ut dei kvadratiske hola i stoffet.
- Felieke van der Leest** Sommerfuglar er elegante og stille. Desse medlemmene frå Regnboge Sommarfugl Koret er ikkje sånn i det heile tatt. Dei er store og grove, og elsker å lage musikk når dei bankar hovudet mot treet. **Ver så god og prøv dei!**
- Jyrki Poussu** I løpet av nitten år har Poussu laga 4 Seita. Den fyrste var på sommarstaden hans i Posio. Poussu sin Seita er ein kunstnarisk versjon av tradisjonelle samiske Seita som er ein heilag offerstad. Han fortel han har ofra til Setia og yngst eit godt og lykkeleg liv for alle over alt.
- Jyrki Siukonen** Kva kunne verte monumentalt i eit landskap so stort som her. Siukonen valte ein av dei minste innbyggjarane i regionen. Verket er større enn eit monument av ei mus, det er tolking av menneska sin innsats for å byggje og førebu oss på komande vinter.
- Lasse Årikstad** viser eit stadspesifikk verk på Utne og i omgjevnadane der. Årikstad, jobber primært med skulptur, maleri, installasjon og teikning.
- Wim van den Toorn** 'Kina i hagen' er basert på ei skisse frå 2006. På ein ferietur til Sverige såg han mange plastleikety i klare farger i hagen av fine tradisjonelle trehus. Han laga ein teikning med mini-skyskraparar framom eit gammalt hus. I 2013 reiste han til Hong Kong kor han vart veldig inspirert av det tette bybilde. Verket er fortsetjing av skissa 'Kina i hagen' 2006 og maleriet 'Central', 2013 som han laga etter reisa.
- Els Geelen** Arbeidet viser kylling på eit stort lyseblått felt. Skissene viser skjørheit i byrjinga av livet.
- Johild Mæland** Arkadia refererer til det utopisk landskap Arkadia der det herskar ein uforanderleg ro og harmoni. Ein idealisert og idyllisert natur. Verket Arkadia er ein syntese av rosemaling, frukt og fuglar malt på innsida av ein lavvo som er plassert med utsikt til ein gammaldags frukthage midt i Hardanger.
- Anne Knutsen** "Kven skal ta over?", spør mor hans, mens hun bøyer hodet og prøver å se ham inn i øynene. "Nokon må overta, den kan ikkje gå te framande." Han stirrer inn i veggen framfor seg. Moren følger ham med blikket, mens han går bort og hefter av haspene på vinduet. Han lukker munnen. Neseborene vidåpne idet han trekker inn den kalde vinterluften.  
For meir info om prosjektet: [anneknutsen.com](http://anneknutsen.com)

Dei andre kunstløypene er på Bu v/Hardangerbrua, langs vegen til Mælen i Herand og i Norheimsund.

Støtte 2014 - 2016 til prosjektet



Billedkunstnernes  
Vederlagsfonds

